Opptakskravet til fagskoleutdanningane er anten fagbrev eller tilsvarande realkompetanse. Dei fleste utdanningane har søkjarar med fagbrev. Nokre utdanningar har mange realkompetansesøkjarar. I 2021 gjaldt dette utdanningar innan Steriltforsyning, vannkjemi og Anlegg .

Studiested	Studium	Tal på studentar	Kvinner	Realkompetansevurdert
Førde	Elkraft N	89	6	4
Nordnes	Elkraft N	80	7	1
Nordnes	Bygg N	71	2	4
Førde	Automatisering N	58	3	2
Nordnes	Pls Vg	41	1	3
Førde	Anlegg N	40	3	5
Nordnes	PLS Grunnleggende	39	1	2
Førde	Bygg N	37	3	2
Nordnes	Maskinteknikk N	36	5	0
Førde	Maskinteknikk N	33	2	3
Nordnes	Elkraft Heltid	31	1	1
Nordnes	KEM N	31	2	2
Nygård	Maskinoffiser	30	2	0
Stord	Maskinteknikk Heltid	30	4	0
Måløy	Dekksoffiser	29	2	0
Nordnes	Bygg Heltid	29	1	1
Nordnes	Prosess N	29	9	3
Førde	Bygningssakkyndig	28	0	8
Nordnes	Automatisering N	28	2	1
Nordnes	Maskinteknikk heltid	27	4	2
Voss	Anlegg	27	2	5
Nygård	Dekksoffiser	26	3	0
Austevoll	Dekksoffiser	25	3	0
Austevoll	Vannkjemi	24	10	6
Måløy	Maskinoffiser	24	0	4
Nygård	Boring	24	0	3
Førde	BIM-tekniker	23	4	17
Førde	Kem N	22	0	2
Nordnes	Psykisk Helse og rus	21	18	4
Førde	Mjølkeproduksjon	19	6	4
Nordnes	Klassisk Bygg	17	2	4
Nordnes	Sterilforsyning	17	11	12
Nordnes	Rob Dig	15	1	2
Førde	Anlegg Heltid	12	0	2
Hjeltnes	Lokal Matproduksjon	10	7	4
Førde	Bygg Heltid	7	0	3
Førde	Elkraft Heltid	7	0	2
Førde	Maskinteknikk heltid	3	0	0
Førde	KEM heltid	1	0	1

Tabellen syner tal nye studentar per 01.10.21

Inntakshandsaminga ble også i år i stor grad gjennomført på heimekontor våren 2021. Denne gongen var vi kjend med systemet og var meir røynd med heimekontor. Fagskulane har kort frist frå søknadsfrist til hovudopptaket køyrast. Dette er utfordrande då det er svært mange søknader som skal handsamast på kort tid.

Skulen fekk totalt 3 klagesaker på inntak.

To av dei var satt frem for seint og blei difor avvist utan å bli behandla nærare. Den siste var det Nasjonal Klagenemnd som tok seg av. Det har dermed ikkje vore nokon klagesaker på inntak våren 21 til behandling i den lokale klagenemnda.

Når det gjeld saka som gjekk til Nasjonal klagenemnd, var nemnda einig med fagskulen i at klagaren ikkje hadde oppfylt dokumentasjonskrava for å få tilleggspong. Klaga førte difor ikkje frem.

Rammekvalitet

I 2021/22 var det 177 tilsette ved Fagskulen Vestland med totalt 160 årsverk. Av desse 177 var 147 faste faglærarar (årsverk 134). I tillegg til dette kjem 41 innleigde og vikarar. Det gir ein god lærardekning. Når det gjeld pedagogisk personale syner lærarundersøkinga at 80 % av desse har ein form for pedagogisk utdanning.

Det fyste halve året av Fagskulen Vestland har vert prega av ein forholdsvis høg «turnover». Tre av utdanningsleiarane ved studiestad Nordnes har slutta og ein Prorektor har slutta. Det har vore gjort ein stor jobb i å rekruttere fire nye leiarar. Rektor er nøgd med dei nye personane som er komen på plass, men ein skal ikkje undervurdere at dette er krevjande prosessar. Dei tre utdanningsleiarane ved studiestad Nordnes har leiaransvar for om lag halvparten av dei tilsette ved Fagskulen Vestland. Ved Studiestad Førde er det også to nye leiarar på plass. Desse to vart konstituert ved oppstarten av Fagskulen Vestland og stillinga deira vart utlyst i løpet av våren 2022. Studiestad Førde har også i løpet av våren forberedt flytting inn i nye lokalar ved Campus Førde Verftet. Dette vil bli eit stort løft for studiestaden framover.

Ved dei tekniske utdanningane har det i perioden vore vanskeleg å rekruttere personell. Arbeidsmarknaden er stram og etterspørselen etter ingeniørar innan bygg, maskin og elkraft er høg. Fagskulen Vestland skal ikkje vere lønnsdrivande, men når ein ingeniør andre plassar i VLFK ligg mellom 100 til 150 tusen høgare i løn, så er det ei utfordring med rekruttering. Vi ser også at lærarane våre er attraktiv i eit pressa arbeidsmarknad. Rektor har starta eit arbeid for å sjå på moglegheita for å løfte dei lærarane som er fagskole eller høgskoleingeniørar høgare i det fylkeskommunale lønssystemet. Fagskulen skal ikkje verte lønnsledande, men vi må kunne konkurrera på like vilkår.

VLFK innførte ein midlertidig tilsetningstopp for administrativt personell i 2021/2022. Vi har våren 2022 brukt mykje unødvendig energi på å forklarar overfor administrativ eigar at Fagskulen Vestland har andre behov enn dei vidaregåande skulane som VLFK eig. Vi har fått noko gehør for dette, men det har stogga ein del av utviklinga vi treng. Rektor er ikkje nøgd med VLFK si eigarstyring på dette punktet.

Tilsetningstoppen gjeld ikkje pedagogisk personale.

I perioden har Fagskulen Vestland investert både i utstyr, nye simulatorar ved studiestad Austevoll og nye simulatorar ved studiestad Nygård. Dette har vore nødvendig for at skulen skal henge med i utviklinga.

Ved studiestad Måløy skal det byggjast eit nytt skolebygg, planen er at dette skal stå ferdig til skuleåret 25/26. Dette er ein heilt nødvendig investering både i høve til vekst og utvikling, men ikkje minst i høve til dei tilsette sin arbeidskvardag, i dag fungerer gangen inn til skolen som lunsjrom.

Når det gjeld fysisk læringsmiljø scorar skulen 3,4 i Studiebarometeret. Dette er 0,3 under nasjonalt gjennomsnitt, og en nedgang på 0,2 frå 2021. Studentane minst nøgd med lokalar for undervisning og anna studiearbeid. Lærarane på si side gir en score på 3,3 på i lærarundersøkinga når det gjelde fysisk læringsmiljø. Der er venta at dei bygningsmessige endringane i Førde og Måløy vil ha ein positiv effekt på fysisk læringsmiljø.

Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til design av sjøve studietilbodet – studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Ein av kvalitetsindikatorane knytt til programkvalitet er studentane si overordna tilfredsheit med utdanningstilbodet, og den gjennomsnittlege skåren frå studiebarometeret er på 3,6. Dette er ein forbetring på 0,2 samanlikna med fjoråret, men samanliknar vi med nasjonalt gjennomsnitt ligg skåren 0,3 poeng under. Lærarundersøkinga syner at lærarane også i år gjev ei skåre på 3,3 på spørsmål om studieplanen med læringsutbyttet.

På same måte som i fjor syner undersøkinga blant lærarane at fagmiljøet i høg grad deltek i diskusjonar og drøftar gjennomføring og vidare utvikling av utdanninga, noko som er eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle studieplanane både i høve til innhald og organisering.

Når det gjeld tilfredsheit med organisering av utdanningstilbodet er det nokre utdanningar som peikar seg ut, anten positivt eller negativt. Dekksoffiser på ledelsesnivå på Nygård, samt maskinteknikk på Nordnes har ei gjennomsnittleg skåre på under tre og er vurdert som kritisk. Tilboda Klassisk bygningshandverk, Klima, energi og miljø i Førde, lokal matkultur og maskinoffiser på ledelsesnivå i Måløy har ein gjennomsnittleg skår på 4 eller meir.

Studentane som er misnøgd peikar på at informasjon om studiet ikkje er lett tilgjengeleg og at kvaliteten på informasjonen er for låg. Vidare var dei lite nøgd med informasjon om eksamen. Dette gjaldt spesielt dekksoffiser på Nygård. I deira tilfelle var det første året med ny nasjonal eksamensform, og diverre kom siste vedtak om eksamen frå sentralt hald ikkje før i november 21. Dette medførte stor grad av usikkerheit for studentane.

På spørsmål knytt til vurderingsformar gjev studentane også i år ei gjennomsnittleg skåre på 3,9 i høve til at eksamen, innleveringar og andre vurderingsformar har handla om sentrale deler av lærestoffet, og at dei har stilt krav til forståing og resonnement. Det er såleis ei tilfredsstillande skåre når det gjeld det faglege innhaldet knytt til vurdering. På spørsmål om vurderingsformane har bidrege til fagleg utvikling hos studenten vert det gitt ei gjennomsnittleg skåre på 3,7. Dette er ei oppgang på 0,1 frå fjoråret.

Når det gjeld læringsutbytte som studentane får er det gitt ei gjennomsnittleg skåre på 3,9 i høve til at studentane får ei kompetanse som er viktig i arbeidslivet, og en skår på 3,8 om at studentane får ei kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet. Denne skåren er uendra frå i fjor.

Undervisningskvalitet

Resultata frå Studiebarometeret syner at studentane i snitt ikkje er heilt nøgd med undervisninga og rettleiing ved fagskulen. Resultata syner ei auke på 0,2 i skåren samanlikna med 2021. Skåren er likevel 0,4 lågare enn nasjonalt gjennomsnitt.

På spørsmål om medverknad scorar fagskulen 3,1 på ein skala frå 1 til 5. Denne scoren er uendra frå i fjor. Scoren er 0.5 poeng lågare enn nasjonalt gjennomsnitt.

Utdanningane som scorar godt er Klassisk Bygningshandverk, Klima, energi og miljø og spesialreinhold, og sterilforsyning i helsetenesta. Klassisk Bygningshandverk har ein score på 4,6 på undervisning, og tilbakemeldingane syner at heile 75% er heilt einig i at lærarane gjer undervisninga engasjerande, og at dei får konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet deira. Når det gjeld medverknad scorar dei i snitt 4,1, den lågaste scoren her er på maskinteknikk og er på 2,4.

Spesialreinhold og sterilforsyning er mest nøgd med at lærarane formidlar lærestoff på ein forståeleg måte, og alle respondentane er einig eller heilt einig i at undervisninga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt. Det som er spesielt med spesialreinhold og sterilforsyning er at samtlege studentar er rekruttert frå eigen arbeidsplass, Rundt 75 % av søkjarane på dette studiet er primærsøkjarar, noko som er høgare enn snittet blant våre studentar. Vidare fortel studieansvarleg at dei brukar gruppearbeid mykje i undervisninga, og at dei set saman gruppene svært bevisst for at studentane skal utfylle kvarandre.

Fagskulen Vestland vil i det vidare arbeidet med studiekvalitet sjå nærare på om det er samanheng mellom tal primærsøkjarar og opplevd tilfredsheit ved studiet.

Lærarane ved Fagskulen skårar 4,3 på naudsynt fagkunnskap, og dette blir underbygd med at 31% svarar at dei har vore med på faglege seminar som har vore med på å oppdatera seg innan faget sitt.

Når det gjeld i kva grad lærarane får naudsynt opplæring i digitale hjelpemiddel syner lærarundersøkinga at 48% helt eller delvis ueinig i dette. Dette ser vi igjen i studentbarometeret kor skulen scorer 3,2 på spørsmålet om lærarane har nødvendig kompetanse til å bruke digitale verktøy i undervisninga. Denne scoren ligg 0,5 under nasjonalt gjennomsnitt.

Viss vi ser på sosialt og fagleg arbeidsmiljø er studentane stort sett nøgde. Best ut kommer det sosiale miljøet blant studentane med ein score på 4. Undersøkinga syner at studentane er meir nøgd både med det sosiale og faglege miljøet blant studentane, og også miljøet mellom studentane og lærarane på studiet samanlikna med året før.

Om ein samanliknar med skuleåret 2020/2021 så kan ein sjå ei lita auke i høve undervisningskvalitet. I forhold til året før har det vore færre koronarestriksjonar, og det har difor vore meir fysisk undervisning, noko som kan ha påverka skåren.

Resultatkvalitet

Våren 2022 blei det igjen gjennomført trekkeksamen ved dei tekniske utdanningane. Det vart gjennomført 5215 vurderingar våren 2022 mot 4827 våren 2021- Auka skyldast i stor grad ei auke i tal studentar.

Vår 21								Vår 22							
	Bestått	A	B	C	D	E	F		Bestått	A	B	C	D	E	F
antall	81	578	1545	1675	686	202	60	Antall	131	627	1587	1851	718	192	109
prosent		12,2	32,6	35,3	14,5	4,3	1,3	Prosent	-	12,3	31,2	36,4	14,1	3,8	2,1

Den prosentvise fordelinga av karakterar syner at fordelinga av karakterar held seg forholdsvis stabil. Det er en lita reduksjon i delen studentar med karakteren B våren 22, og ei lita auke i delen studentar med karakteren C. Vidare er det ei nedgang i delen studentar med karakteren D og E, og ei tilsvarende auke i karakteren F.

Når det gjeld endring i studentmassen gjennom året ser vi at alle studiestader har hatt ein reduksjon i tal studentar. (Til samanlikning var tilsvarende reduksjon for fih året før på 6%) På Nordnes blei studier i grunnleggande og vidaregåande PLS programmering avslutta på hausten, noko som forklarar deler av reduksjonen i tal studentar. Fråfallet blant studentane varierer mellom 0 og 30% . Fagskulen vil i det vidare arbeidet skape seg meir kunnskap om kva studentar som fell frå, for å sjå om vi kan iverksette tiltak for å redusere fråfallet.

Stad	Haust 21	Vår 22	Prosentvis endring
Austevoll	66	61	-7,58 %
Førde	380	351	-7,63 %
Hjeltnes	38	36	-5,26 %
Måløy	53	51	-3,77 %
Nordnes	980	810	-17,35 %
Nygård	161	155	-3,73 %
Voss	78	74	-5,13 %
Stord	51	47	-7,84 %
Sum	1807	1585	-12,29 %

Tabellen syner tal studentar per 15.10.21 og per 01.03.22.

Når ein ser på tabellen under med tal på studentar som bestod ei utdanning i 2021 og våren 2022 er det ein nedgang på i overkant av 100 studentar. Dette er dels fordi bransjeprogram ved Stord hadde lågare aktivitet våren 22.

	2021	2021	2022
	Vår	Haust	Vår
Nordnes	305		224
Austevoll	15		24
Nygård	65		78
Hjeltnes	10	1	23
Voss	25		23
Stord	120		21
Førde	62	2	80
Måløy	22		23
Sum	624	3	496

Tabellen syner tall på studentar som har bestått ei utdanning i 2021 og 2022.

I høve produksjon av studiepoeng så er det auken eller nedgangen mellom 2020 og 2021 som vil gje ei økonomisk utteljing i 2023. I tabellen under ser vi at det har vore ei lita reduksjon i produserte studiepoeng mellom 2020 og 2021.

Studiestad	Vår 2020	Haust 2020	Vår 2021	Haust 2021
Austevoll	1816	0	1423	0
Austrheim	0	0	290	0
Hjeltnes	1515	238	554	276
Nordnes	19677	10926	21477	11861
Nygård	8142	114	6226	7
Voss	588	2165	498	1990
Stord	2093	2560	4233	0
Førde	7959	72	10039	30
Måløy	2889	0	1676	10
Sum	44679	16075	46416	14174

Tabellen syner produserte studiepoeng i 2020 og 2021.

Relevanskvalitet

Eit av dei viktigaste kvalitetsmåla for fagskulane er arbeidslivsrelevans. Dette er tydeleggjort i lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 4: *Fagskoleutdanning er høgere yrkesfaglig utdanning som ligger på nivå over videregående opplæring. Fagskoleutdanning skal gi kompetanse som kan tas i bruk for å løse oppgaver i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak*».

Om lag 70% av studentane ved dei tekniske utdanningane tar studiet parallelt med at dei er i jobb. Dei maritime utdanningane er dei einaste utdanningane der vi berre tilbyr heiltidsstudium, men også her arbeider vi tett saman med arbeidslivet for å gjere utdanningane meir fleksible.

Fagskolen i Hordaland har sidan 2020 hatt som satsingsområde at alle utdanningane skal ha knytt til seg såkalla fagråd. Dette er ein av fleire måtar å knytte arbeidslivet tettare på skulen. Perioden som samfunnet har vore gjennom med Covid, har ikkje vore den beste perioden å byggje desse strukturane i.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har ikkje arbeidd så strukturert med fagråd, men har hatt andre arenaer å byggje desse relasjonane på. Det er rektor si klåre meining at arbeidet med å knytte fagråd til utdanningane skal halde fram som eit satsingsområde for Fagskulen Vestland, og difor er dette punktet også løfta inn i strategien for 2023-2027.

Arbeid i bransjeprogram og industrifagskule, gir også skulen nyttige tilbakemeldingar om kva arbeidslivet treng av kompetanse, og bidreg til å halde arbeidslivsrelevansen høg. I 2021 og i 2022 har det vore gjennomført fleire korte utdanningar etter bestilling frå arbeidslivet. Særleg har Fagskulen i Sogn og Fjordane gjennomført desse programma. I perioden har om lag 150 deltakarar gjennomført heile eller delar av utdanninga.

Våren 2022 søkte Fagskulen Vestland om fleire utviklingsmidlar og gjennomføringsmidlar knytt til industrifagskulen og til desentraliserte og fleksible utdanningar.

I den nye Industrifagskuletildelinga er midlane no gjort meir føreseielege ved at dei vert tildelt for tre år. Fagskulen Vestland skal i gang med kompetanseheving av nærmare 200 industritilsette knytt til bedriftene Boliden og TIZIR. Utdanninga som skal gjennomførast er 10 studiepoeng innan industri 4.0 og robotisering. Fagfolk ved Fagskulen Vestland har saman med fagfolk i bedriftene arbeidd fram denne utdanninga. Eit slikt samarbeid sikrar oss høg arbeidslivsrelevans. Løyvinga frå HK-DIR er på om lag 1.4 mill. kvart år og er ein del av trepartssamarbeidet.

Fagskulen Vestland er også med i eit pilotprosjekt saman med Nordfjord-akademiet for å finne ut korleis vi kan hjelpe arbeidslivet med å konkretisere sitt kompetansebehov. Arbeidet i Odda er eit godt eksempel på korleis dette kan gjerast.

I tillegg har Fagskulen Vestland også fått om lag 7 mill. til å utvikle desentrale og fleksible utdanningar. Her har vi eit tett samarbeid med Fjordbase i Florø og Aker Stord. Her er det søkt om bl.a. å utvikle det som ein kan kalle fagarbeidar- spesialisten. Fjordbase har om lag 250 tilsette som har behov for meir utdanning. Aker Stord har også stort behov, samtidig som dei har signalisert at dei vil bruke Fagskulen Vestland som sin hovudleverandør av kompetanse til heile Aker-konsernet.

Fagskulen har også ein betydeleg kursportefølje knytt til petroleumssektoren. Fagskulen har investert i nye simulatorar og oppgradert eksisterande utstyr. Dette gjer vi i tett samarbeid med aktørar innan bransjen. Samarbeidet gir institusjonen ei «hands on»-erfaring med kva arbeidslivet treng av kompetanse.

I 21/22 har vi kopla på 10 studentar som arbeider ved Aker si verksemd i Eigersund, til Stordmodellen vår. Der prøver vi ut ei blanding mellom fysiske og digitale samlingar, samt hybridundervisning. Stordmodellen er ein samlingsbasert modell med ni samlingar i året. Studentane bruker to år på eit 120 poengs studium, og dei er i full jobb parallelt med studiet.

Studentane sine tilbakemeldingar i høve relevans syner at om lag 65 % seier seg einig i følgjande påstand: «Jeg får kompetanse som gjør at jeg kan gå rett ut i arbeidslivet uten ytterligere utdanning».

Vidare seier 70% seg samd i følgjande påstand: «Jeg får kompetanse som er viktig i arbeidslivet».

Desse resultatane held seg på om lag på same nivå som i 2021. Samla sett er resultatane gode, til tross for at Covid tidvis har vanskeleggjort moglegheitene for å samarbeide så tett med arbeidslivet som vi ynskjer. Fagskulen vil framover initiere eit samarbeid med Saman for å kartlegge kva kandidatar som har studert hos oss gjer etter at utdanninga er over. Denne innsikta vil vere verdifull kunnskap for oss både når det gjeld rekruttering, men og i kommunikasjon med eksisterande studentar.

I lærarundersøkinga svarar om lag 60 % at dei er samd i følgjande påstand: «Er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv?». Det er litt færre som er einig i denne påstanden i år enn i fjor. Og det er kanskje eit uttrykk for at arbeidet med studieplanendingar vert viktig framover. Samtidig svarar så mange som 89 % at dei er samd i følgjande påstand: «Brukar eg oppgåver tilpassa utdanninga?» Så mye som 70% av lærarane gir tilbakemelding på at dei i stor, eller i svært stor grad formidlar kunnskap frå nyare teori til studentane.

Forventningane til studentane om at fagskulen skal gje høve til å knytte kontakt med bedrifter og auke sjansane deira på arbeidsmarknaden, innfrir fagskulen heller ikkje i år. 30% av studentane er samd eller heilt samd i følgjande påstand: «Representantar for arbeidslivet bidrar på en god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, ol». 31% seier at dei er usamd, eller litt usamd i same påstand. Svaret speglar seg også i lærarundersøkinga kor 44% av lærarane i liten eller svært liten grad samarbeider med eksterne aktørar.

I 2021 innhenta vi ikkje spørsmål frå arbeidslivet.

For å levere kompetanse som arbeidslivet treng vil arbeidslivsrelevans også framover være eit svært viktig satsingsområde.

Styringskvalitet

Fagskulen som skuleslag har gjennomgått store endringar dei siste åra. Dei fleste endringane har blitt realiserte som eit ledd i Stortinget si oppfølging av meldinga «Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning», Meld. St. 9 (2016-2017). Stortingsmeldinga hadde til saman 48 tiltak som skulle bidra til å styrke og vidareutvikle fagskulesektoren. Av meldinga går det fram at regjeringa sin visjon er at fagskoleutdanninga på sikt skal bli meir attraktiv, ha fleire studentar, større fagmiljø og at fagskulesektoren skal vere meir synleg og meir ettertrakta i arbeidslivet.

Stortingsmeldinga var også oppteken av fagskulane si tilknytning til arbeidslivet og fleksibilitet. I april 2020 leverte Kunnskapsdepartementet ei ny melding til Stortinget som omhandla mellom anna fagskulesektoren. St. Meld. 14 (2019-2020) Kompetansereformen – Lære hele livet. I denne meldinga er nokre av hovudtiltaka retta inn mot å tette gapet mellom arbeidslivet sin trong for kompetanse og den kompetansen som arbeidstakarane har. Det vert i meldinga peikt på at ein del av samfunnsoppdraget til fagskular, universitet og høgskular er å tilby kurs og vidareutdanning som er etterspurt av arbeidslivet. Regjeringa har ei tydeleg forventning om at fagskoleutdanningane har eit stort potensiale i å vere med å dekke arbeidslivet sitt kompetansebehov, samt ei forventning om høg kvalitet og yrkesrelevans i utdanningane. Dette var noko av bakteppet som gjorde at Fagskolen i Hordaland skuleåret 2019/20 utvikla eit nytt kvalitetsutviklingssystem for skulen. Kvalitetsmeldinga som vart levert styret desember 2020, var fyste gong skulen tok dette i bruk. Tilbakemeldingane på dokumentet har vore veldig positive både frå eksterne og interne samarbeidspartnarar. Kvalitetsutviklingssystemet er eit tydeleg skritt i å gjere institusjonen betre i stand til å handtere dei store endringane sektoren går gjennom.

Gjennom etableringa av Fagskolen Vestland har styret vedteke ein heilt ny organisasjonsmodell for skulen. Modellen kan beskrivast som ein tre-nivå-modell. Dette er ein modell som er lite brukt i fagskulesamanheng. Tanken bak modellen er at ein skal ha eit nivå som arbeider strategisk med retninga til skulen. Fagskolen Vestland har ein rektor og to prorektorar på det strategiske nivået; ein prorektor for utdanning og utdanningskvalitet og ein prorektor for organisasjon og samhandling. Utdanningane vert leia av det som styret har vedteke skal nemnast utdanningsleiar. Namnet skal syne kor viktig det er å ha ei fagleg tilknytning mellom leiarar og utdanningane dei skal leia. Begge nemningane er ukjende for skuleeigar, og vi har førebels ikkje fått dette på plass i stillingskategoriane til eigar. Erfaringane våre med organisasjonsmodellen er gode, men det vil ta noko tid før han set seg i organisasjonen og er tydeleg.

Fagskolen Vestland hadde ved inngangen til 2022 ein høveleg god økonomi. Noko av dette følgjer av dei innsparingane både Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane har gjennomført i 2020 og 2021.

Mindreforbruket var i 2021 om lag 10 millionar. Fagskolen Vestland starta arbeidet med å tilsette personar som skulle bidra til både vekst og utvikling. Det er store forventningar både nasjonalt og regionalt til at fagskulen skal bidra til å skaffe arbeidslivet den kompetansen dei treng både til omstilling og vekst.

Fagskolen blei diverre stogga i å lyse ut desse stillingane på grunn av skuleeigar sin tilsettingsstopp. Skulen har brukt mykje unødvendig tid og store ressursar på å arbeide for å få lyst ut desse stillingane. Det løyste seg til slutt, men vi blei minst eit halvt år forseinka, og konsekvensane er tydelege, mykje arbeid på dei som er att og stor slitasje i organisasjonen. I tillegg kjem at vi ikkje har kapasitet til å hente inn midlar til utvikling. Fagskolen sine utviklingsmidlar vert forvalta av HK-DIR.

Fagskulen sine midlar vert gitt over statsbudsjettet, og fylkeskommunane er tilskotsforvaltarar. Det kan stillast spørsmål ved om tilsettingsstoppen også skal gjennomførast ved Fagskulen Vestland, då det er statlege midlar vi nyttar til å drive skulen.

Det vert viktig for utviklinga framover at skuleeigar vågar å behandle oss annleis enn dei vidaregåande skulane. Ein skule vi kan samanlikne oss med, er Fagskolen Viken. Der har dei ei eiga utviklingsavdeling med 10 tilsette og 100 mill. i utviklingsmidlar. Fagskulen Vestland er ikkje i nærleiken av dette. Vi set pris på eigarskapen, men han må ikkje bli ei bremse på naudsynt utvikling. Det er ingen tent med.

I kvalitetsmeldinga for Fagskolen i Hordaland vart det peika på fire satsingsområde for den nye Fagskulen Vestland.

- Skolen må ha høgare grad av studentmedverknad
- Skolen må utvikle endå tettare samarbeid med arbeidslivet
- Skolen må byggje kapasitet i organisasjonen
- Skolen må arbeide med å skape betre læringsmiljø for nettstudentar

I den perioden som vi har vore gjennom, har vi gjennom året arbeidd med desse satsingsområda.

Studentmedverknad er kome inn som ei tydeleg satsing i strategien for Fagskulen Vestland 23-27. Det skal etablerast lokale studentråd. Eit viktig bidrag for å synleggjere skulen si satsing på dette, er at studentrådsleder får honorar frå skulen for vervet som leiar.

Det har i 22 vore arbeidd tett med arbeidslivet i forhold til industrifagskulen og bransjeprogram innan Helse, for å nemne noko. Investeringar i simulatorutstyr vert også gjort i tett samarbeid med arbeidslivet. Fagskulen Vestland er også med i regionale utval, Bergen Næringsråd, LEAN forum Bergen og Kompetanseforum Vestland. Vi har samarbeidsavtalar med Sunnfjord utvikling og INVIRO Nordfjord.

Hausten 21 starta vi også arbeidet med å etablere utdanningshubar fleire stader i Vestland. Vi har gjennom året endra namnet til Studiestover. Desse stovene vert etablert og drifta av anten kommunar, næringslag/hagar eller større verksemdar. Det har vorte etablert slike stover i Høyanger og Odda, for å nemne to av dei. Fleire kommunar ønskjer dette velkommen.

Vi har i løpet av perioden styrka bemanninga noko, sjølv om det har vore vanskeleg i forhold til skuleeigar. Når det gjeld lærarar, er det ikkje tilsettingsstopp, men innan dei tekniske områda har det i denne perioden vore vanskeleg å rekruttere nok personell.


Vi ser at del studentar som går på fleksible opplæringsløp, aukar, og det gjer at punktet som går på læringsmiljø for denne gruppa, vert svært viktig i arbeidet framover. Etablering av studiesentera er eit av fleire bidrag for å styrkje oss. Auka satsing på nettpedagogisk kompetanse er eit anna.

Skuleåret har i stor grad vore prega av samanslåinga, og av Covid. Rektor er imponert over de ansattes og studentenes pågangsmot under krevende forhold. Det er svært positivt at studentanes overordna tilfredsheit aukar, og vi vil arbeide for at den positive trenden fortset.

Rektor kjem i denne meldinga ikkje med nokon konkret handlingsplan, men ønskjer å sjå på dette i etterkant av behandlinga av strategien for Fagskulen Vestland 2023-2027. Vi har i denne strategien fire satsingsområde:

- Arbeidslivsrelevans
- Profesjonalisering
- Læringsmiljø
- Vere synleg

Rektor kjem tilbake med handlingsplan for 2023 til styremøte i mars 23.



Saksnr: 2022/486-64**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 32/22	08.12.2022

Modell for studenttimetal ved Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Timeplanfestet tid maksimalt 990 timer (45 minutt) for 60 studiepoeng
2. Timeplanfestet tid per emne skal inn i studieplanen
3. Dersom timeplanfestet tid er mindre enn 990 skal det være mer veiledning og aktivitet som studenten kan styre selv
4. Ny modell skal åpne for å flytte undervisningstimer mellom ulike emner og årstrinn innenfor de ulike studietilbudene

Samandrag

I styresak VS 17/2022 datert 31.05.2022 vedtok styret å nedsette en arbeidsgruppe med følgende mandat:

Fagskulane har gjennomgått store endringar dei siste åra. Utviklinga av sektoren peiker mot at modell for studenttimetal og ressursbruk må vurderast.

Samanslåinga av dei to fagskulane i Vestland har vist at det er forskjellar i organiseringa mellom, og innan dei to tidlegare skulane, samt ved andre fagskular i landet. Arbeidsgruppa må sjå på ulike modellar og løysingar som tek omsyn til:

- *Kvalitet*
- *Berekraftig ressursbruk*
- *Studia sine eigenartar*
- *Trong for fleksibilitet og utviklingskapasitet*

Arbeidsgruppa vert bedt om å komme med forslag til modellar og løysingar innan medio oktober 2022. Rektor legg fram sak for styret basert på arbeidsgruppa sitt arbeid.

Rektor legg arbeidsgruppa sitt forslag til grunn for vedtak.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Hege Aarethun
konst. prorektor organisasjon og
samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Mandat og sammensetning

I styresak VS 17/2022 datert 31.05.2022 vedtok styret å nedsette en arbeidsgruppe med følgende mandat:

Fagskulane har gjennomgått store endringar dei siste åra. Utviklinga av sektoren peiker mot at modell for studenttimetal og ressursbruk må vurderast. Samanslåinga av dei to fagskulane i Vestland har vist at det er forskjellar i organiseringa mellom, og innan dei to tidlegare skulane, samt ved andre fagskular i landet. Arbeidsgruppa må sjå på ulike modellar og løysingar som tek omsyn til:

- Kvalitet
- Berekraftig ressursbruk
- Studia sine eigenartar
- Trong for fleksibilitet og utviklingskapasitet

Arbeidsgruppa vert bedt om å komme med forslag til modellar og løysingar innan medio oktober 2022. Rektor legg fram sak for styret basert på arbeidsgruppa sitt arbeid.

Sammensetningen av arbeidsgruppen har variert underveis i arbeidet, blant som følge av streiken i utdanningssektoren og forsinket valg av studentråd. Den endelige sammensetningen av arbeidsgruppen ble som følger:

- Emil Gadolin – Leiar (Styreleiar)
- Arvid Ellingsen – Medlem (LO)
- Bjørn Lyngedal – Medlem (Avdelingsdirektør Opplæring og kompetanse)
- Thea Tuset – Medlem (Organisasjon for Norske Fagskolestudenter (ONF))
- Tom Alexander Østensen – Medlem (Studentrepresentant)
- Norvald Eltvik – Medlem (Tilsattrepresentant)
- Rune Follnes – Medlem (Tilsattrepresentant)
- Pål Martin Frølich Stavi – Medlem (Tilsattrepresentant)
- Torbjørn Mjelstad – Medlem (Rektor Fagskolen Vestland)

Arbeidsgruppens sekretariat ble i første fase ledet av prorektor organisasjon og samhandling. Ledelsen av sekretariatet ble etter hvert overtatt av prorektor utdanning.

Prosess

I perioden 24. august til 11. november har arbeidsgruppen avholdt tre møter. Arbeidsgruppen har satt seg inn i hvordan dagens system er bygget opp, sett på sammenlignbare fagskoler og andre utdanninger, samt drøftet kjennetegn og forutsetninger for kvalitet i fagskolestudier.

Juridisk rammeverk for studenttimetal og begreper

I forskrift om akkreditering av og tilsyn med høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoletilsynsforskriften) reguleres arbeidsomfanget til studentene. Det skal være mellom 1500 og 1800 timer per år for et heltidsstudium, noe som tilsvarer mellom 25 og 30 timer per studiepoeng. Det blir mellom 33,3 og 40 timer målt i 45 min-enheter. Det er ingen lovverk som direkte regulerer hvor mange timer undervisning en student skal ha.

I dokumentet og i tidligere styresaker blir timetallet med undervisning referert til som *studenttimetall*. Dette må imidlertid ikke forveksles med det totale arbeidsomfanget til studentene. Nivået på studenttimetallet varierer mellom ulike fagskoler i landet, samt mellom ulike utdanningsslag. På nettbasert og samlingsbaserte studier er det stort sett et lavere studenttimetall enn på heltidsstudier. Studenttimetallet er det timetallet som står på timeplanen til hele klassen. Veiledning til enkeltstudenter kommer utenom.

Arbeidsgruppen har holdt fast på begrepet *studenttimetall*, blant annet fordi begrepet er brukt i tidligere saksdokumenter til styret i Fagskolen Vestland. Samtidig er begrepet lett å misforstå, og kan også forveksles med det lovregulerte begrepet *elevtimetall* som gjelder for videregående opplæring og i grunnskolen. Arbeidsgruppen vil derfor oppfordre til at styret og rektor vurderer å endre begrepsbruken i det videre arbeidet.

Utdanningskvalitet

Arbeidsgruppen har hatt utdanningskvalitet som et sentralt premiss for sitt arbeid¹. Fagskoleslaget sin kvalitet i studietilbudene er sammensatt av en rekke elementer på ulike nivåer.

Arbeidsgruppen har særlig drøftet hvordan fagskoleslaget har et strengt krav om at utdanningene skal ha en direkte relevans i arbeidslivet. I Lov høyere yrkesfaglig utdanning heter det i § 4 at «Fagskoleutdanning er høyere yrkesfaglig utdanning som ligger på nivå over videregående opplæring. Fagskoleutdanning skal gi kompetanse som kan tas i bruk for å løse oppgaver i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak». For imøtekomme dette er det nødvendig med høy relevans i innholdet i alle studier og en tilstrekkelig mengde lærerstyrt pedagogisk aktivitet. *Studenttimetallet* må balanseres mot fagskolesektorens overordnede utvikling og studentenes behov om en fleksibel studiehverdag og egenstudier.

Dagens modeller for studenttimetall

I forbindelse med sammenslåingen av Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn & Fjordane ble det nedsatt et harmoniseringsutvalg. Dette utvalget gjorde følgende kartlegging av andre utvalgte utdanningsinstitusjoner sitt studenttimetall:

Skule / skuleslag	Timar per veke	Timar per år
Videregående yrkesfag	35	(Basert på 33 veker undervisning) 1155
Videregående stud.spes.	30	(Basert på 33 veker undervisning) 990
Fagskolen i Hordaland	35	1330
Fagskolen i Sogn og Fjordane	27	912
Fagskolen i Vestfold/Telemark	25	834
Høgskulen på Vestlandet	18	540
Stordmodellen		443
Deltid Hordaland		150
Deltid Sogn og Fjordane		144

Fagskolen Viken avdeling Kongsberg har et årstimetall på 1080 (45 min enheter).

¹ Arbeidsgruppen viser blant annet til *Veileder til fagskolens kvalitetsarbeid (NOKUT), Meld. St. 16 (2020-2021), Meld. St. 9 (2016–2017)* og *Kvalitet i Fagskoleutdanning (2016)* av Nasjonalt Fagskoleråd

I tabellen under har vi brukt 28 timer (37,3 timer i 45 min-enheter) i totalt arbeidsomfang per studiepoeng² mens vi varierer studenttimetallet:

Timeplan/Studenttimetall	Egenstudie	Prosent Timeplanlagt	
22,2	15,1	59 %	Fagskolen Hordaland
18,0	19,3	48 %	Viken/Kongsberg
15,2	22,1	41 %	Fagskolen S og Fj
12,0	25,3	32 %	Telemark
9,0	28,3	24 %	HVL
7,4	29,9	20 %	Stord
6,0	31,3	16 %	Nett Nordnes
4,5	32,8	12 %	Nett Førde

Det er verdt å merke seg at modellen for Fagskolen i Hordaland er basert på 35 timer undervisning per uke fordelt over 38 uker for heltidsstudenten. Arbeidsgruppen mener imidlertid at noen av disse ukene trolig faller bort som følge av eksamensavvikling og avsluttende vurderingsarbeid. Arbeidsgruppen viser til diskusjonen i videregående opplæring knyttet til bortfall av undervisningstimer, og vi mener det er viktig at modellen legger opp til et realistisk nivå på studenttimetallet.

Arbeidsgruppen konstaterer at det pågår arbeid med å endre vurderingsformer ved fagskolen. Likevel vil det fortsatt være hovedprosjekt og eksamen ved noen studier, slik at det trolig vil være noe bortfall dersom vi beholder 38 uker som utgangspunkt for modellen

Fleksibilitet for å møte varierte behov

Fagskolen Vestland fordeler undervisningstimer etter studiepoeng. Det vil si at et emne med 10 studiepoeng automatisk får dobbelt så mange undervisningstimer som et emne med 5 studiepoeng. Arbeidsgruppen har drøftet hvordan ulike emner og studietilbud kan ha forskjellige behov for undervisningstimer. Dette følger av emnenes og studienes egenart og studentenes forutsetninger for å selv tilegne seg faglig innhold. Med andre ord kan en større grad av fleksibilitet til å prioritere undervisningstimer bidra til å øke det samlede læringsutbyttet til studentene.

Grensesnitt mot arbeidstidsavtale

Det kan være vanskelig å skille antall undervisningstimer/studenttimetall fra arbeidstidsavtale. Dette kommer av at mange fagskoler har en arbeidstidsavtale som bygger på SFS 2213³. Denne avtalen beregner lærere i grunnskolen og videregående opplæring sin arbeidsbelastning basert på et lovpålagt antall fysiske undervisningstimer. Fagskolene er imidlertid ikke lenger en formell del av dette rammeverket.

Lovverket til grunnskolen og videregående opplæring bygger og på hvor mange timer undervisning elevene skal ha. Det finnes ikke tilsvarende særavtale for fagskoleslaget. Fagskolen var en del av SFS 2213 frem til 2006. Dette som følge av at fagskoleslaget hadde fått sitt eget lovverk.

Arbeidsgruppen sitt mandat er avgrenset til diskusjonen om studenttimetall og skal derfor ikke gå inn i drøftinger om sammenhengen mellom studenttimetallet og ressursberegning nedfelt i arbeidstidsavtalen. Arbeidsgruppen viser likevel til avsnitt om implementering der det gis råd for den videre prosessen slik at dette kan ivaretas. Diskusjonen om arbeidstidsavtale ligger også utenfor

² Klokketimer omregnet til 45-minutters økter

³ Lenke til siste avtale: https://www.wisweb.no/wwfile/33680/sfs_2213.pdf

fagskolestyrets vedtakskompetanse, jfr. fylkestingsvedtak i PS 114/2021 *Eigarstyring av Fagskulen Vestland*.

Forslag til modell for Fagskulen Vestland

Arbeidsgruppen foreslår følgende modell for Fagskulen Vestland:

- Timeplanfestet tid maksimalt 990 timer (45 minutt) for 60 studiepoeng
 - *Dissens, Rune Follnes (se siste avsnitt)*
- Timeplanfestet tid per emne skal inn i studieplanen
- Dersom timeplanfestet tid er mindre enn 990 skal det være mer veiledning og aktivitet som studenten kan styre selv
- Ny modell skal åpne for å flytte undervisningstimer mellom ulike emner og årstrinn innenfor de ulike studietilbudene

Undervisningen vil stort sett foregå i 33 uker, det vil si at all undervisning som hovedregel er ferdig til rundt midten av mai. Etter det er det eksamensforberedelser og annet avsluttende arbeid for å få vurdering.

Dette er en øvre grense som balanserer ulike hensyn som redegjort som er drøftet i dokumentet. Arbeidsgruppen er opptatt av at ny modell for studenttimetall må ivareta behovet for kvalitet og fleksibilitet. I arbeidet framover er det viktig å se på studienes egenart og den overordnede utviklingen i sektoren, som premiss for de enkelte studienes studenttimetall.

Studenttimetallet er skolestyrt tid. Detaljeringen av de enkelte emnenes og studietilbudenes studenttimetall inngår i det videre arbeidet med revidering av studieplanene.

Implementering av ny modell

Arbeidsgruppa foreslår at ny modell for studenttimetall ikke blir innført før prosessen knyttet til en eventuell ny arbeidstidsavtale er avklart. Studieplanene må revideres i henhold til nytt studenttimetall. Utdanningslederne og fagmiljøene må vurdere behovet emnene har for undervisning for å oppnå best mulig samlet læringsutbytte i utdanningen. Arbeidsgruppen understreker viktigheten av at studentene involveres i dette arbeidet, og det er nødvendig med mer kunnskap om hvordan studenttimetallet påvirker studentenes opplevelse av studiehverdagen og utdanningskvaliteten.

Arbeidsgruppens flertall (Emil Gadolin, Bjørn Lyngedal, Tom Alexander Østensen, Thea Tuset og Torbjørn Mjeldstad) gir råd og anbefaling i tråd med det fremlagte dokumentet. Rune Follnes støtter dokumentet, men har tatt ut en dissens knyttet til anbefaling om øvre grense (se avsnitt «Forslag til ny modell for Fagskulen Vestland»).

Dissenser

Rune Follnes: Støtter dokumentet, men ønsker å stryke øvre grense på 990 timer (45 minutt) for 60 studiepoeng (se avsnitt om «Forslag til modell for Fagskulen Vestland»). Begrunnelse:

Et tak/øvre grense som dette undergraver standpunkt i dokumentet som redegjort for i avsnittet «Fleksibilitet for å møte varierte behov», og jeg mener at den øvre grensen vil virke begrensende på de videre diskusjonene og prosessene.

Pål Martin Frølich Stavi: Tar ut dissens på hele dokumentet. Begrunnelse:

Det vil være vanskelig for meg å stille meg bak dette dokumentet før konsekvensene av hva innføring av 990 timer på 33 uker vil utgjøre for arbeidsbelastningen.

Norvald Eltvik: Tar ut dissens på hele dokumentet. Begrunnelse:

Styreleders seneste forslag til studenttimetall (epost 15.11.22) er blitt fremlagt i medlemsmøte 15.11.22 for ansatte organisert i Lektorlaget, NITO, TEKNA og Utdanningsforbundet. Prosessen i forkant av siste møte i arbeidsgruppe vedr. studenttimetall ble også presentert for medlemmene i nevnte arbeidstakerorganisasjoner.

Prosess i forkant av utvalgsmøtet 11.november

Dokumentet om studenttimetall ble forelagt utvalgets ansattrepresentanter torsdag 10. november kl. 15:30, dvs. ved slutten av arbeidstiden dagen før siste møte i gruppen. Ansattrepresentant (Utdanningsforbundet) påpekte at forslaget til konklusjon i praksis ville bli gjort tilgjengelig ved møtestart, og dette ville gjøre en kvalitetssikret gjennomgang umulig.

Utvalgsleders utgangspunkt for møtet:

Utvalgets leder hadde i e-post til utvalgets medlemmer 29. oktober lagt frem følgende premisser for siste møtes diskusjon om studenttimetall: «I sum taler arbeidsgruppens diskusjoner og ulike perspektiver for en **moderat justering** [vår utheving] av dagens studenttimetall med en modell som åpner opp for en større fleksibilitet til å flytte studenttimetall internt i studietilbudene og større variasjoner mellom tilbudene». I diskusjonen blant tillitsvalgte og medlemmer i forkant av siste møte, ble styreleders notat lagt til grunn for vår forståelse av utvalgets forslag til rektor og som premisser for det videre arbeidet.

Konklusjon og konsekvenser

Siste utkast slik det ble presentert, gir flere nye problemstillinger. Det er noen viktige punkter som ikke er tilstrekkelig begrunnet:

- Drastisk endring i studenttimetall
- Justering av timetall frikoblet fra studiepoeng, nå basert på «fagets egenart»

Implementering av dokumentets konklusjon skal ikke skje før ny arbeidstidsavtale og studieplan er på plass. At utvalgets konklusjoner ikke skal iverksettes før ny arbeidstidsavtale er forhandlet, er ikke klargjørende. Vil en ny arbeidstidsavtale påvirke konklusjonen i utvalgets arbeid? Skal ny arbeidstidsavtale tilpasses konsekvensen av utvalgets konklusjon med hensyn til læreres arbeidsmengde?

I medlemsmøtet organisert som følge av utvalgets prosess og konklusjon ble tillitsvalgte fra Lektorlaget, Tekna og Utdanningsforbundet enige om følgende uttalelse: Utvalgets arbeidsmetode og foreslåtte konklusjon påfører undervisningspersonellet en så stor usikkerhet at det ikke er forsvarlig for tillitsvalgte å ta del i det videre arbeidet med studenttimetallet med mindre konsekvensen av ovennevnte bekymringer er utredet.

Vedtakskompetanse

Det er styret ved Fagskolen Vestland som fattar vedtak om organisering av ei utdanning, jf. fagskulelova § 17:

«§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

- a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
- b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.»

Vidare er følgjande presisert i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 og 2-2:

«§ 2-1. Utdanningens innhold og form

Fagskolen skal samarbeide med aktører i arbeidslivet for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for ett eller flere yrkesfelt.

Utdanningens læringsutbytte skal være utformet i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og kvalifikasjonen skal være tilstrekkelig for å utøve yrket.

Utdanningen skal ha

- a. et dekkende navn
- b. et faginnhold og en struktur som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet
- c. undervisnings-, lærings- og vurderingsformer som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.

For utdanninger med praksis skal det finnes en skriftlig praksisavtale mellom fagskolen og praksisstedet om hvordan praksisen skal gjennomføres.

Utdanningen skal ha en studieplan som informerer om utdanningens opptakskrav, faginnhold, struktur og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, inkludert praksis.»

«§ 2-2. Studiepoeng og arbeidsomfang

Utdanningen skal ha et omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng, hvis det ikke er gitt unntak etter fagskoleforskriften § 42.

Arbeidsomfanget for studentene skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.»

Avsluttende kommentar

Rektor vil takke arbeidsgruppa for arbeidet som er gjort i denne saka.

Rektor har stor forståing for at det å endre studenttimetal er ein krevjande øving.. Rektor vil understreke at det og skilje studentane si arbeidsbelastning frå lærarens arbeidsmengde kan vere vanskeleg. Rektor meiner likevel at dette har arbeidsgruppa gjort på ein god måte.

Det vil av dette arbeidet som gruppa har gjort og gjennom eventuelt styrevedtak, naturleg følgje at ein går i drøftingar mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde om lærarens arbeidsmengde.

Fagskulen Vestland sitt tilbod om undervisning er ikkje ein del av desse drøftingane.

I sitt forslag til vedtak vil Rektor understreke behovet for fleksibilitet ved Fagskulen Vestland. Maksgrensa som er satt til 990 i timeplanfesta tid, opnar også for moglegheit for eit lågare timetal. Dette er viktig for at Fagskulen Vestland skal kunne tilpasse utdanningane til dei ulike studentgruppene, arbeidslivet, lengda på studiet og studiets eigenart.